Frå Skjåk på leirskule med MATHILDE

01.06.2016

Den staselege hardangerjakta MATHILDE, bygd på vervaplassen Nerhus i Ølve 1884

Elevar frå 6. og 7. klasse på Marlo skule i Skjåk gjorde strandhogg i Uskedalen.
Årleg reiser desse klassane på leirskule med jakta MATHILDE. To skular frå Skjåk vekslar med å vera ei veke på den restaurerte seglskuta frå Fartyvernsenteret i Norheimsund.

Camilla Bøhle og Synne Stensgård har gledd seg i lang tid for å oppleva ei veke ombord i eit seglfarty

Etter 7 timars busstur fram til Kvam, mønstrar elevane på. Elevflokken på 27 elevar vert delt inn i fire grupper og må gjera førefallande arbeid om bord. Det er arbeid i byssa, reinhald, utkikk og det å stå til rors. Alle ligg i hengekøye og dei som ynskjer det, kan gå i riggen. Elles har alle lært knutar. Den som ikkje får til dagens knute, vert nekta landlov. Fiske med garn er obligatorisk.

I Uskedalen var det ein kort handlepause før seglasen går over Storsund for overnatting i Vågen på Skorpo. Når leirskuleveka er slutt har klassane mellom anna vore i Rosendal, Lykjelsøy og Uskedalen. På fredag er det avmønstring, og ein lang busstur ventar klassen på reisa heim til Skjåk.

Tekst/foto: Kristian Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland